


- Forlenging av veg med 25 meter og ny parkeringsplass/ snuplass i enden, tenkt til bruk for ålmenta og friluftsområdet på Sletteemoen.
- Mindre justering av regulerte vegar og tomter i høve til slik dei er bygd.
- Legge føringar på type verksemd på ledig tomt 3 - rett nord for regulerte leilegheiter, for å hindre støyande verksemd.




Sletteemoen med tomt 2 til venstre og tomt 3 til høgre



Oversiktsbilete Høydalsmo Aust



Figur 1- Gjeldende regulering til camping/ motell



Figur 2 - Framlegg til ny regulering med byggeområde for leiligheiter og friluftsområde på slettemoen

Vedlagt følger politisk sak med vedtak, skisser på bygging av leiligheiter frå Vest – Telemark næringsbygg, utkast til endra plankart, reguleringsføresegner m.m.

Vestre del av reguleringsplan ut mot E134 er i gjeldande plan regulert til kombinert byggeområde handel/ leiligheiter (F/B). Føresegner til nytt område for leiligheitsbygg er tenkt tilpassa føresegnene for FB i gjeldande plan.

Framlegget til endring av reguleringsføresmål tilbakefører om lag 16 daa som var regulert til camping/ motell, til friluftsområde. Tanken er vidare å sjå på moglegheiten for etablering av opparbeidde turstiar på Slettemoen og langs vatnet, og evt bru over Brustø for å lage ein samanhengande sti kring indre Oftevatn. Målet med reguleringsendringa er å leggje til rette for etablering av attraktive leiligheiter, og samstundes ivareta kvalitetar for friluftslivet i området. Område for leiligheiter, ligg slik til at det ligg etablerte, interne vegar opp til sentrum.

Evt. merknader til reguleringsendringa skal sendast postmottak@tokke.kommune.no innan 16. august 2022.

For meir informasjon, kontakt underteikna på tlf 350 75 200.

Med helsing

Gunhild Austjord
Kommunalsjef plan, næring og teknisk

Vedlegg

- 1 Saksframlegg med vedtak 31_22
- 2 Høydalsmo boliger 3.pdf
- 3 1-2500A3_Hmo_endring_oversikt
- 4 1-1000A3_Hmo_endring
- 5 Reguleringsføresegner Høydalsmo
- 6 KU Høydalsmo Friluftsliv

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.